

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 15.01.2018
Vår ref.: 2016/9012-218
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Statsbudsjettet kap. 1429 post 71- Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Søknad for 2018 og rapportering for 2017

Rapport 2017

Økonomi

Frå 2017 er kr 3 820 770 av hovudtildelinga på kr 10 000 000 ikkje utbetalt 31.12.2017. Det same gjeld det siste ekstratilskotet til Reperbanen på Fjøsanger på kr 2 000 000.

Renteinntekter for 2017 er kr 168 987.

Frå 2014 og 2015 står det att mindre ubrukte summar, høvesvis kr 80 523 og kr 145 165. Frå 2016 (inkludert førehandstilsegn for 2017) er kr 2 594 758 enno ikkje utbetalt. Av dette er prosjektmidlar + strakstiltaksmidlar 1 072 540, og resten vanlege tilskot. Etter purreunde hausten 2017 er ein god del av tiltaka sett i gang, men er ikkje komne så langt at tilskota er klare for utbetaling. Men vi ser det som sannsynleg at det meste av tilskota for 2016 vil verta nytta til det tiltaket dei vart gitt til. (Jamføringsvis vart ein del av tilskota frå 2015 først utbetalt i 2017.)

Det kan vera fleire grunnar til att tilskotsmidlar står unnytta. Vi kjenner i år berre til eitt mindre tilfelle der tiltakshavarar har bede om utsetting grunna knappheit på kvalifiserte handverkarar. Personlege tilhøve hjå søkjarar (sjukdom m.m.) kan spela inn i nokre tilfelle. c. At eigar ikkje har tilstrekkeleg med eigne midlar til å setje i gong tiltaket. Detaljplanlegginga tek lenger tid enn venta, eller planane vert justert. Begge deler kan henga saman med eit meir komplekst skadebilete enn først antatt, eller at planane må tilpassast lågare tilskotssummar enn omsøkt. Det synast ofte rett og slett å ta tid å komma i gang med tiltak, særleg for private tiltakshavarar som ikkje er så røynde med å styra istandsettingsprosjekt. Ofte er det nok ein kombinasjon av fleire av faktorane ovanfor.

Tilskotsmidlar frå 2017 som ikkje kan knytast til Askeladden-ID:

Tiltak	Tiltakshavar	Tildeling	Utbetalt	Rest
Kræmmerholmen, Fedje - hovudhus (kystkultur)	Kræmmerholmen AS	70 000		70 000
Havrå - skjøtsel bnr 8	Leif Havre	65 000	65 000	
Havrå - skjøtsel bnr 7, 12, 5, 14	Geir Sundal	90 000		90 000
Havrå - skjøtsel Simobruket	Frode Kjærland	80 000	80 000	
Havrå - skjøtsel av kulturlandskap	Museumssenteret i Hordaland	2 000 000	2 000 000	

Lynghesenteret på Lygra - skjøtsel	Stiftinga Lynghesenteret	600 000		600 000
Kurs i kroting, Borgstova i Vikøy	Hardanger og Voss museum	20 000		20 000
Kurs i tørrmuring, kvelvbru gnr. 140 bnr. 3, Kvam	Haakon Aase og Kåre Nes	100 000	100 000	

Kommentarar til nokre av postane: Lynghesenteret på Lygra har utført skjøtsel i samsvar med tildelinga, men har ikkje bede om utbetaling enno. Tilskotet vert betalt ut så snart dette ligg føre.

Kurs i kroting, Borgstova i Vikøy: Kurset vart utsett, men skal haldast våren 2018.

Kritiske faktorar

Den antikvariske handverkskompetansen i fylket er generelt bra, særleg på lafting og anna tømrrarbeid. Her er det fleire aktørar å velja mellom. Helle- og nevertak og tørrmuring kan også nemnast som fag med dyktige utøvarar lokalt. Det er positivt at det er ei viss geografisk spreiding, med kompetansetilgjengleghet også i m.a. Hardanger og Voss. Men for enkelte særleg smale fag eller sære oppgåver er det i bland vanskeleg å finna rett kompetanse. Handverkskapasiteten er god sett opp mot behovet. Det siste året kjenner vi til eitt tiltak som er satt på vent grunna vanskar med å finna rett kompetanse.

Kapasiteten hos forvaltninga er god når ein ser på tilskotsforvaltninga isolert sett. Men dette, saman med annan oppfølging av freda bygg, vert då prioritert framfor arbeid med fredingssaker og anna arbeid som ikkje er direkte knytt til søknader frå eigarane.

Kompetansen vår på tilstandsregistrering er god. Fleire av våre eigne tilsette og bygningsvernkonsulentane har byggfagleg kompetanse. I meir kompliserte tilfelle innan murkonstruksjonar kan vi innimellom ha trong for å trekka inn ekstern ekspertise.

Tilgangen på kvalifiserte søknader har vore god. Dei fleste søknadene for 2017 er utarbeidd av restaureringsarkitektar og/eller handverkarar med antikvarisk kompetanse og erfaring. I fleire søknader, særleg litt meir mindre tiltak med private eigarar, fungerer bygningsvernkonsulentane som fagleg rådgjevar. Ein del søknader, som utgjer ein ganske stor del av tildelinga, gjeld vidareføring av store tiltak som går over fleire år, og som alt har eit etablert apparat rundt seg av arkitekt og handverkarar. Gitt tilstrekkeleg finansiering «går dei av seg sjølve».

Eigarinteressen er jamt over god. Men det hendar i nokre tilfelle at vi må dytta på eigarar av bygg for å komma i gang med tiltak der dette er naudsynt – enten å senda inn søknad eller å komma i gang med arbeidet der tilskot er gitt.

Organisering av forvaltingsarbeidet

Talet tilsette og årsverk avheng av korleis ein reknar. Fylkeskonservatoren i Hordaland er organisert slik at lovheimla sakshandsaming knytt til plan- og bygningslova er skilt frå resten av arbeidet med nyare tids kulturminne. Faggruppa for fartøy- og bygningsvern har ansvar for alt som gjeld freda bygningar og verna fartøy, og anna rådgjeving og tilskot til ikkje-freda bygningar. Til saman er åtte tilsette som svarer til 7,1 årsverk knytt til gruppa. I utgangspunktet har dei kvar sine spesialiserte hovudarbeidsområde: dispensasjonshandsaming (to tilsette); fartøyvern og koordinering av tilskotshandsaminga; fagleg vurdering av tilskotssøknadene, koordinering av tilstandsregistrering og generell byggfagleg rettleiing og oppfølging; tilskotshandsaming på Bryggen; tilstandsregistrering og praktisk bistand i istandsettingstiltak (to tilsette i til saman 1,3 stillingar); og kursverksemd i tradisjonshandverk, antikvarisk bygningsregistrering mm. I praksis føregår oppfølginga av tilskotssaker som eit lagarbeid der gjerne tre til fire av desse er involvert. Ein tilsett i staben på Kultur- og idrettsavdelinga fører oversikt over rekneskap og utbetalingar.

I samarbeid med kommunane og musea har fylkeskommunen tilsett bygningsvernkonsulentar ved fire av

dei regionale ansvarsmusea, og fylkeskommunen disponerer om lag halve arbeidstida deira. Bygningsvernkonsulentane registrerer i Askeladden, er rådgjevarar for private eigarar av kulturminne, og for administrasjonen i enkeltsaker. Dei er ein verdifull forlenga arm i fylkeskommunens kulturminnearbeid.

Kontakten med eigarane og kva for rettleiing dei får, varierer mykje alt etter behovet. Fylkeskommunen tek kontakt der det er uklåre sider ved søknadar om tilskot eller dispensasjon. I dei fleste tiltaka er det ein dialog undervegs med fylkeskommunen knytt til utføringa av tiltaket, ofte med synfaringar. Fleire tiltak vert også følgt opp på liknande måte av bygningsvernkonsulentane. Alle som har fått tilskot, men ikkje har sett i gang tiltaket, vert systematisk kontakta på hausten.

I prosjekt som må gå over fleire år, har vi ofte gitt førehandstilsegn for å gi noko meir føreseieleg og sikra framdrift også i perioden mellom årsskiftet og ny tildeling i mars-april. Førehandstilsegn meiner vi er eit godt verkemiddel for å motverka noko av den uvissa som ligg i at vi berre kan tildela for eit år av gangen, medan større prosjekt sjeldan kan slutførast på eitt år. I 2017 gjorde vi det noko annleis med Hesthamar skrivargard, som fekk eit direkte tilskot til kjøp og tilverking av material, kombinert med ei sær stor førehandstilsegn for 2018 til sjølve arbeidet med istandsetting av takkonstruksjonen. På denne måten vert ein rasjonell framdrift sikra. Ein vesentleg føresetnad her var at planlegginga av tiltaket var komen langt nok før søknaden vart levert, og det var heilt frå starten av tett dialog mellom eigar, utførande handverkar og fylkeskommunen.

Måloppnåing

I dei fleirårige, større tiltaka (Reperbanen på Fjøsanger, Mesterhuset, Kronstad hovedgård, Christinegård) har det vore god framdrift. Grunna omfanget av desse tiltaka tek det enno tid før effekten vert fullt målbar gjennom auka hovudtilstandsgrad. Ein del av dei mindre tiltaka er ferdigstilt, men det er òg nokre som ikkje er kome i gang i det heile enno. Kapasitet og erfaring hjå eigar/tiltakshavar synast generelt å vera ein viktig faktor for å setja tiltaka i gang, og den største utfordringa er dei tiltaka som aldri kjem ut av startgropa. Som nemnt ovanfor, synast ikkje kapasitet og kompetanse hjå handverkarane å vera ei vesentleg utfordring. Forvaltninga bør vurdere korleis ein kan få ei tettare oppfølging av dei eigarane som treng det mest.

29 freda bygningar i privat eige har fått fornya tilstandsvurdering i 2017. Dette er ein god del færre enn dei to føregåande åra (75 i 2016 og 122 i 2015), men under eitt har nær halvparten av dei bygningane som vi har ansvar for å tilstandsregistrera, fått ny registrering i 2015 eller seinare. Vi har laga eit rekneark som gir oss full oversikt over tilstandsregistreringane og som gjer det lettare å planleggja ein systematisk oppdatering. I tillegg vert bygningar som får tilskot, oppdatert når søknad kjem inn og ved kvart årsskifte inntil tiltaket er ferdig.

Søknad 2018Økonomi

For 2018 søker Hordaland fylkeskommune om til saman kr 21 716 609. Av dette er kr 16 602 781 til bygg og anlegg, og kr 5 113 828 til tiltak i landskapet.

Det er kome inn 38 søknader i alt. Alle søknadene som gjeld bygningsmessige tiltak er lagt inn i tilskotsmodulen i Askeladden, men ikkje dei som gjeld skjøtsel av kulturlandskap. Her ligg det føre følgjande søknader:

Tiltak	Tiltakshavar	Søknadssum
Skjøtsel Havrå bnr. 8, 10, 11	Leif Havre	151 965,00
Skjøtsel Havrå bnr. 3	Helene M. Kjærland	307 600,00
Skjøtsel Havrå bnr. 2, 4, 6, 8, 9	Museumssenteret i Hordaland	2 854 700,00
Skjøtsel Havrå bnr. 5, 7, 12	Geir Sundal	650 000,00
Skjøtsel Lyngheisenteret	Museumssenteret i Hordaland	899 563,00

Nokre av søknadene gjeld kulturminne som ikkje er freda, men kjem inn under andre kriteria: Skjøtsel på Lyngheisenteret og istandsetting av slepa mellom Osa og Hallingskeid er i kategorien «andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap». Lindås sjøsluser fell inn under «spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten». (Sjølve slusa er i verneklasse 2 i landsverneplanen for Kystverket, men søknaden gjeld den delen av sluseanlegget som ikkje er i Kystverket si eige).

Eit par særtilfelle reknar vi inn under freda kulturminne: Lysekloster kapell, som er ei listeført kyrkje i privat eige, og Toskedalsstova, som vert erklært automatisk freda når ho er gjenreist.

Av dei 38 søknadene gjeld fem skjøtsel av kulturlandskap (fire på Havrå kulturmiljø, samt Lyngheisenteret). Til skjøtsel på Havrå er det til saman søkt om kr 3 964 265. Med Lyngheisenteret og slepa Osa-Hallingskeid vert det totalt søkt om kr 5 113 828 til tiltak i landskapet.

Ubrukte tilskotsmidlar som vart tildelt i 2016 eller før, og der dei omsøkte tiltaka ikkje er starta opp, vert fordelt på nytt. Ein del vert sett av til reservemidlar for strakstiltak, samt til prosjektmidlar. Under prosjektmidlar planlegg vi å nytta ein større sum til ein revidert og utvida forvaltingsplan for Havrå kulturmiljø. Dette vil vera ein viktig føresetnad for ei god forvaltning av Havrå, som av kapasitetsomsyn har lege på vent i lengre tid og som på nokre felt treng ekstern ekspertise.

Det er i år ikkje kome inn nokre konkrete søknader til heving av handverkskompetanse, tilstandsregistrering, kurs etc. Men vi ser det som svært tenleg å ha rom for å gi støtte til kurs i tradisjonshandverk, antikvarisk vedlikehald etc. for både handverkarar, eigarar og andre interesserte. Erfaringa viser at det gjerne dukkar opp førespurnader om støtte til slike kurs gjennom året, og vi vil difor setja av eit rammebeløp til dette, frå dei overførte midlane. Ein avgrensa del av denne summen er også tiltenkt eit prosjekt i fylkeskommunal regi, nemleg ei fagsamling om tradisjonelle takkonstruksjonar i Bergensområdet. I fylkeskommunens budsjett for 2018 er det sett av kr 102 000 til dendrokronologisk prøvetaking etc. for fastsetting av alder på bygningar eldre enn år 1650, og det vert difor ikkje sett av eigne midlar til dette frå post 71.

Kritiske faktorar

Når det gjeld handverkskompetanse og –kapasitet er det ikkje grunn til å tru at tilhøva er endra jamført med det som er skildra i rapporten for 2017. Talet på istandsettingsprosjekt er om lag det same.

Vi ser ikkje for oss nokon større endringar i vår eiga kapasitet i 2018. Fylkeskommunens tilskotsordning for ikkje-freda nyare tids kulturminne er lagt om, slik at kommunane skal gjere ein større del av handsaminga

og oppfølginga av søknadene. Dette vil frigjera meir tid til anna forvaltning av nyare tids kulturminne. Det er ikkje planlagd nye tilsettingar i 2018. Vår eiga kompetanse på tilstandsregistrering vert oppretthalde som i fjor.

Tilgangen på kvalifiserte søknader er god. Det er om lag same tal søknader som i 2017. Ein stor del av søknadene er vidareføring av pågåande tiltak, og også fleire av dei andre tiltakshavarane har fått støtte til andre bygningar dei seinare åra og er soleis erfarne tilskotsmottakarar.

Organiseringa av forvaltingsarbeidet

Ingen større endringar er planlagd her, men vi vil halda fram med jamn vidareutvikling av tilskotsforvaltninga. I 2018 vil vi etablere ein fastare rutine med å ta initiativ der eigarane er passive og tilstandsgraden tilseier at noko bør gjerast.

Hordaland skal slåast saman med Sogn og Fjordane med verknad frå 1.1.2020, og i løpet av 2018 startar arbeidet med felles struktur og organisering opp.

Måloppnåing/prioritering

Vi ønskjer, som tidlegare år, å gi eit tilskot som monnar til flest mogleg av dei kvalifiserte søknadene. I søknadsmassen er det ein rimeleg balanse mellom meir avgrensa tiltak som kan ferdigstillast på eitt år, og større tiltak som går over fleire år. Vi ser det som viktig at dei store, fleirårige tiltaka vert ferdigstilt og vil difor prioritera desse høgt. Samstundes ser vi det som viktig at det er nok igjen å fordela til dei mindre tiltaka, både fordi ein her kan oppnå resultat som monnar på kort tid og med relativt mindre midlar, og for å oppmuntra eigarane generelt.

Elles vil vi peika på at skjøtsel av kulturlandskapet, i første rekkje på Havrå, utgjer ein stor del av søknadssummen. Skjøtsel av kulturlandskap er eit evigvarande tiltak, der innsatsen i tidlegare år misser mykje av verdien dersom skjøtselen ikkje vert oppretthalde. Difor ønskjer vi å prioritera skjøtselen på om lag same nivå som tidlegare år.

HFK har ansvar for tilstandsregistrering av innpå 450 bygningar. Mange av registreringane frå den første store runda med tilstandsregistrering i 2008-09 er no i ferd med å gå ut på dato. I tillegg er det enno ein del freda bygg som ikkje er registrert. Det gjeld m.a. hus som vart «oppdaga» i fredingsgjennomgangen, og forskriftsfreda bygg som går over i privat eige. Husa som enno ikkje er registrert vil verta prioritert, og elles dei med dei eldste registreringane.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.